

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 31.05.2016

Nina Murberg, FFO, sette fram slikt forslag på vegner av rådet:

«Rådet ønskjer ikkje å uttale seg om val av logistikknutepunkt, men har observert at Hordnesskogen er eit av alternativa. Hordnesskogen vert brukt av fleire grupper med nedsett funksjonsevne og er eit av få godt tilrettelagte turområde i flatt terreng. Rådet kjenner til at Hordnesskogen vert nytta jamnleg av menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet understrekar at Hordnesskogen er ganske unik i Bergen med sine opparbeida turstiar i nesten flatt terreng. Friluftsliv er viktig i forhold til folkehelseperspektivet, nok som er særst viktig og for denne gruppa. Dersom Hordnesskogen vert vald ser rådet at det er store utfordringar å finne moglegheiter for store grupper å dyrke friluftsliv og fremje folkehelse.»

Røysting

Murberg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Rådet ønskjer ikkje å uttale seg om val av logistikknutepunkt, men har observert at Hordnesskogen er eit av alternativa. Hordnesskogen vert brukt av fleire grupper med nedsett funksjonsevne og er eit av få godt tilrettelagte turområde i flatt terreng. Rådet kjenner til at Hordnesskogen vert nytta jamnleg av menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet understrekar at Hordnesskogen er ganske unik i Bergen med sine opparbeida turstiar i nesten flatt terreng. Friluftsliv er viktig i forhold til folkehelseperspektivet, nok som er særst viktig og for denne gruppa. Dersom Hordnesskogen vert vald ser rådet at det er store utfordringar å finne moglegheiter for store grupper å dyrke friluftsliv og fremje folkehelse.